



BERGEN KOMMUNE BYRÅDSAVDELING FOR KLIMA, Saksbehandlar, innvalstelefon
MILJØ OG SAMFERDSEL Astrid Holte, 5557 2319
Postboks 7700
5020 BERGEN

Inspeksjonsrapport

Inspeksjon av Bergen kommune - etterdrift av Rådalen avfallsdeponi

Kontrollnummer: 2022.055.I.SFVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:

Natalia Staren, Kristin Madsen Klokkeide, Anna
Hatland, Tord Honne Holgernes og Lise Reinertsen
(på oppsummering)

Frå Statsforvaltaren i Vestland:

Kristin Espeset, Astrid Holte

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Bergen kommune sin etterdrift av Rådalen avfallsdeponi den 21. og 22. september 2022. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Vestland avdekkja 6 avvik og ingen merknader under inspeksjonen.

Avvik:

1. Kontroll og utbetring av setningar, terrengarrondering og toppdekke har manglar
2. Drift, oppgradering og kontroll av deponigassanlegg har manglar
3. Handtering, utbetring og kontroll av overvatn har manglar
4. Handtering, utbetring og kontroll av sigevatn har manglar
5. Overvaking har manglar
6. Internkontrollen har manglar

Avvika er nærare omtalte frå side 5 og utover i rapporten.



Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 4.

Med helsing

Sissel Storebø
fung. miljødirektør

Astrid Holte
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent



1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: BERGEN KOMMUNE BYRÅDSAVDELING FOR KLIMA, MILJØ OG BYUTVIKLING	
Organisasjonsnr.: 976821580	Eigd av: -
Bransjenr. (NACE-kode): 84.130 - Offentleg administrasjon knytt til næringsverksemd og arbeidsmarknad	

Kontrollert eining

Namn: Etterdrift av Rådalen avfallsdeponi	Anleggsnr.: 4601.0316.05
Kommune: Bergen	Fylke: Vestland
Anleggsaktivitet: Etterdrift av deponi for ordinært avfall	
Vilkår gitt: 27.09.2017	Sist endra: 05.05.2020

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte industritilsyn for i år, og er ein oppfølging av avvik gitt etter tilsyn i 2021. Inspeksjonen inngår i ein aksjon der vi kontrollerer fleire deponi i fylket

Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Oppfølging av avvik gitt etter tilsyn i 2021

Rapporten gjeld avvik som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifiserte som avvik eller merknader, kan også inngå her.



3. Oppfølging etter inspeksjonen

Bergen kommune pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd.

For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at de innan 1. juni 2023 sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvika er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde (handlingsplan med tidsfristar).

Vi ser alvorleg på avvika då det er omfattande og gjentakande avvik. Gjennomføringa av tiltaka vil bli følgd opp ved ny kontroll

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (sfvlpost@statsforvalteren.no) til Statsforvaltaren i Vestland.

4. Varsel om tvangsmulkt for retting av avvik

Statsforvaltaren varsla tvangsmulkt på kr 100 000,- i brev 3. mars 2022 dersom vi ikkje fekk dokumentasjon på at alle avvika frå tilsynet i 2021 var retta og kva for tiltak som er gjennomført eller planlagt innan 15. august 2022. Bergen kommune gav tilbakemelding innan fristen, men tilbakemeldinga viste ikkje at alle avvika var retta, og det manglar framleis ein forpliktande handlingsplan for retting på nokre punkt. Vi vil likevel ikkje inndrive tvangsmulka no, men heller varsle ny og større tvangsmulkt knytt til frist for retting av avvik etter tilsynet i 2022.

Statsforvaltaren varslar at vi vil gjere vedtak om tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73, dersom vi vi ikkje får tilbakemelding med dokumentasjon som viser korleis alle avvika omtalt i denne rapporten er retta og kva for tiltak som er gjennomført eller planlagt innan 1. juni 2023.

Vi vil understreke at tiltak som ikkje er mogleg å gjennomføre innan 1. juni 2023, uansett er gjeldande krav som skal gjennomførast så fort som mogleg. For planlagde tiltak må dokumentasjonen minst innehalde følgjande:

- forpliktande handlingsplan med tidsfristar for tiltak for å rette alle påpekte avvik som ikkje allereie er retta
- oversikt over kva for ressursar som er nødvendige for å gjennomføre ulike tiltak og at desse er sett av/gjort tilgjengelege for retting av avvika

Ein eventuell tvangsmulkt vil vere eit eingongsbeløp på kr 250 000,-.

Eventuelle kommentarar til varselet om tvangsmulkt kan de sende til oss innan to veker etter at de har fått dette brevet, jf. forvaltningslova § 16.

5. Varsel om endra gebyrsats

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 31. mai 2022. Verksemdar skal betale gebyr for kontroll i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter forureiningslova er fastsett i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.



I varselet skreiv vi at på bakgrunn av forventa tidsbruk vurderte vi å bruke gebyrsats 5 som utgjir 52 500 kroner for dette tilsynet, men at dersom vi brukte vesentleg meir tid på saka enn det som ligg til grunn for sats 5, kunne gebyrsats 4 bli brukt. Mange og omfattande avvik gjer at tidsbruk er blitt større enn venta. Vi ventar også å bruke meir tid på oppfølging av alle avvika enn det som ligg til grunn for gebyrsats 5. På bakgrunn av dette vil Bergen kommune bli ilagt eit gebyr på 105 000 kroner for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7. Dette svarar til gebyrsats 4 for fleirdagstilsyn. Verksemda vil få tilsendt ein faktura frå Miljødirektoratet for innbetaling til statskassa. Vi viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 for meir informasjon om innkreving av gebyr til statskassa.

6. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova) og nettstaden *Norske Utslipp*, www.norskeutslipp.no.

7. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Kontroll og utbetring av setningar, terrengarrondering og toppdekke har manglar

Avvik frå

- Vilkår for etterdrift gitt 27.09.2017, endra 28.08.2020
 - punkt 3.2 Krav til toppdekke
 - punkt 3.3 Utbetring av setningar, terrengarrondering og toppdekke
 - punkt 3.4 Krav til handtering av overvatn
 - punkt 5.3 Kontroll av toppdekke og setningar

Kommentarar til regelverket

Toppdekke

I vilkår punkt 3.2 er det krav om at toppdekke skal ha eit tilstrekkeleg tjukt lag med rein jord eller andre steinfrie, lausmassar med innhald under normverdien i forureiningsforskrifta kapittel 2. Toppdekke skal mellom anna sikre at berre den vassmengda som er nødvendig for å oppretthalde naturleg nedbryting av avfallet slepp gjennom til det deponerte avfallet, og at emisjon av metan og luktande gassar vert redusert til eit minimum.

Plan for utbetring og oppgradering mv.

I vilkår punkt 3.3 er det krav om at kommunen, basert på kontroll, jf. punkt 5, skal gjennomføre utbetring og om nødvendig oppgradering av toppdekke og terrengarrondering, og tetting av hol og sprekkar etter ein plan, slik at terrengarrondering og toppdekke er tilstrekkeleg ut frå vilkåra for etterdrift og bruken av området.

Kontroll av toppdekke og setningar

I vilkår punkt 5.3 er det krav om at toppdekket skal kontrollerast for sprekkar, hol og erosjon minimum ein gong i året. Setningsmålingar skal gjennomførast minimum kvart tredje år. Det skal gå



fram av kontroll- og overvåkingsprogrammet korleis kontrollen skal gjennomførast, jf. punkt 5.1 i løyvet.

Tett membran i grøfter

I vilkår punkt 3.4 er det mellom anna krav om at opne grøfter skal tettast mot underliggande massar med tett membran.

Observasjonar på tilsynet

Kommunen har ikkje ein oppdatert plan for utbetring og oppgradering av toppdekke og arrondering på alle delar av deponiet. Mellom anna mangla ein plan for område der det er industri/næring (område A, D og øvre del av B), og område F. Det er heller ikkje gjennomført kontroll med toppdekket på desse delane av deponiet slik det er krav om i punkt 5.3. Kommunen har ikkje etablert rutine for å gjennomføre setningsmåling kvart 3. år. Det same avviket vart også gitt i 2021.

Kommunen har gitt tilbakemelding om at dei vil gjennomføre kontroll av toppdekke innan 31. desember 2022, og på bakgrunn av kontrollen lage ein plan for utbetring og oppgradering innan 1. mars 2023. Rutine for setningskontroll vil bli innarbeida i internkontrollen innan 31. desember 2022.

Kommunen har ikkje kontroll med om kvaliteten på massane brukt til arrondering på deponiet er rein jord eller andre steinfrie, lausmassar med innhald under normverdien i forureiningsforskrifta kapittel 2. Arrondering vart sett bort til Vassbakk & Stol AS. I avtalen med verksemda gjekk det ikkje tydeleg fram at massar som skulle brukast til arrondering skulle ha innhald under normverdien. Kommunen har heller ikkje kontrollert dette eller fått dokumentasjon eller rapportering om kvalitet på massane som vart brukt. Mottak av massar til arrondering har ikkje vore avstengt, og det er derfor fare for at uvedkomande har dumpa forureina massar på området når det ikkje har vore folk på staden. Det same avviket vart også gitt i 2021.

Kommunen har gitt tilbakemelding om at Vassbakk & Stol har avslutta sin del av arbeidet med terrengheving, og at dokumentasjon frå leverandøren Bybanen Utbygging om kvaliteten på massane vil bli sendt innan 31. desember 2022. Kommunen opplyste på tilsynet at dei ville ta stikkprøver av massane som er brukt for å undersøke kvaliteten, og at dei ville rapportere om resultatata innan 1. mars 2023. Kommunen har ikkje vist korleis dei vil sikre at krav til kvalitet, dokumentasjon av dette og mottakskontroll vert sikra i framtida.

Kommunen har ikkje vurdert om måten arronderinga er gjennomført på er optimal for å sikre at berre den vassmengda som er nødvendig for å oppretthalde naturleg nedbryting av avfallet slepp gjennom til det deponerte avfallet i anleggsperioden. Måten arronderinga er gjennomført på har ført til at store delar av overflata på deponiet har vore utan grasdekke over lang tid. Dette kan føre til at større vassmengder slepp gjennom til det deponerte avfallet enn om overflata var tilsådd. Det same avviket vart også gitt i 2021.

Terrenghevinga på Magnusbakken var ved tilsynet berre midlertidig avslutta. Kommunen har opplyst at endeleg avslutning er avhengig av innkjøp av ny matjord. For å hindre inntrenging av vatn til avfallsmassane er det lagt relativt tette massar med dreneringsgrøfter over steinmassane. Denne mellombelse løysinga er over tid ikkje optimal for å sikre at berre den vassmengda som er nødvendig for å oppretthalde naturleg nedbryting av avfallet slepp gjennom til det deponerte avfallet. Ved tilsynet hadde nedbør erodert og vaska ut delar av massane som var lagt på toppen.



Det er fare for at kraftig regn vil føre til ytterlegare utvasking, og dermed meir vatn ned i deponiet. Kommunen hadde ikkje vurdert risikoen ved å la toppdekket ligge utan å vere tilsådd over lengre tid, eller om det var nødvendig å gjere avbøtande tiltak. Prosessen med å skaffe matjord er i gang, men det er ikkje laga ein forpliktande handlingsplan med tidsfrist for å sikre at arrondering av Magnusbakken vert endeleg avslutta raskast mogleg.

Nokre område på deponiet har grus som overflate. Det er ikkje vurdert om ei slik overflate er eigna som toppdekke, eventuelt for kva type aktivitetar, om kravet til bortleiing av overvatn i tråd med punkt 3.4 og 3.6 a) er mogleg med eit slikt dekke, og om forureining og meir vatn enn nødvendig kan trenge ned i deponiet. Aktivitetar på grus-dekte område på deponiet gjer at det er mistanke om at toppdekke kan vere forureina over normverdien.

Det er ikkje vurdert om arrondering og toppdekke på område med tredepot tilfredsstillar vilkåra, eller om det må gjerast tiltak.

Tett membran i grøfter

Ikkje alle ope grøfter har tett membran mot deponiet. Mellom anna har ikkje overvassgrøftene rundt Magnusbakken og rundt Stavolltjørna tett membran, og overgangen mellom betongkanalen og jordet på Pålamyra er ikkje er tilfredsstillande og må utbetrast. Det same avviket vart også gitt i 2021. Det var ikkje laga ein handlingsplan med tidsfrist for når tett membran vil vere på plass i alle grøfter, og når overgang frå deponioverflata til grøftene er utbetra.

Avvik 2

Drift, oppgradering og kontroll av deponigassanlegg har manglar

Avvik frå

- Vilkår for etterdrift gitt 27.09.2017, endra 28.08.2020
 - punkt 3.11 Krav til utslepp av deponigass
 - punkt 3.12 Oppgradering av deponigassanlegg
 - punkt 5.7 Kontroll av deponigass

Kommentarar til regelverket

Krav til utslepp av deponigass

I vilkår punkt 3.11 er det mellom anna krav om at drift av gassanlegget, inkludert innstilling av gassmengd og konsentrasjon skal vere slik at uttak av deponigass er mest mogleg optimalt og at utslepp av deponigass er minst mogleg.

På bakgrunn av emisjonsmålingar skal det på stader med høg emisjon gjerast tiltak for å avgrense lekkasje av gass og lukt frå deponiet. Driftsansvarleg skal vurdere å gjennomføre tettingsarbeid eller etablering av eit metanoksidasjonsfilter.

Oppgradering av deponigassanlegg

I vilkår punkt 3.12 er det krav om at det skal gjennomførast oppgradering og utbetring av etablert gassanlegg på deponiområda A, delar av B, B*, D og E etter ein plan slik at uttak av deponigass fungerer optimalt og tilfredsstillar krava i punkt 3.11. Planen skal innehalde tiltak og tidspunkt for gjennomføring. Den skal inngå i internkontrollen og oppdaterast ved behov.



Kontroll av deponigass

I vilkår punkt 5.7 er det sett krav til kontroll av deponigass, sjå tabellen under. Det skal gå fram av kontroll- og overvåkingsprogrammet korleis kontrollen skal gjennomførast, jf. punkt 5.1 i løyvet.

Kontroll av	Kor ofte
Deponigassanlegget med gassbrønner og leidningsanlegg	Fire gongar per år
Service og kalibrering av tekniske komponentar og måleutstyr	Minst ein gong per år
Metanemisjonen frå deponioverflata	Minst ein gong per år
Deponigass (CH ₄) i leidningsanlegg og kummar for overvatn, vatn, spillvatn og elektriske kablar	Ein gong per år

Observasjonar på tilsynet

Drift og kontroll av deponigassanlegget

Kommunen har ikkje gjort nok for å sikre at drift av gassanlegget er slik at uttak av deponigass er mest mogleg optimalt og at utslepp av deponigass er minst mogleg, og kontroll av gassbrønner og leidningsanlegg er mangelfull. Avviket er basert på følgjande observasjonar:

- Anlegget er gammalt og det har vore mange driftsproblem. Mellom anna har det vore problem med overføringsleidningen frå Pålamyra, og det er ikkje tatt ut deponigass av Pålamyra i delar av 2019, 2020 og 2021, som er den delen av deponiet som produserer mest gass. Kommunen veit ikkje korleis brønnane som fører gass til D-stasjonen fungerer, da stasjonen vart dekkja til for 10 år sidan. Etter dette har ikkje stasjonen eller brønnane i dette området vore kontrollert eller oppgradert.
- Anlegget er gammalt og utdatert og manglande automatisering gjer det vanskeleg å drive anlegget optimalt og rapportere korrekte data. Rapportert driftstid og gassmengd er estimert og kan derfor innehalde feil. Tala for driftstid er rapportert som tida det har vore folk til stades på anlegget, og ikkje tida anlegget har tatt ut og brent av deponigass. Det er det siste som skal rapporterast da det er dette som er av interesse for å vurdere utslepp av klimagass frå anlegget.

Det same avviket vart også gitt i 2021.

Kommunen har gjort tiltak for optimalisering på kort sikt som har betra både driftstida og gassuttaket. Dei har også starta opp igjen lokal fakling på Pålamyra, slik at denne kan vere i drift når det er folk på anlegget. Det er vidare planlagt og sett fristar for gjennomføring av tiltak som oppgradering av styringssystem og av fakkelen på Pålamyra, utskifting av ventilar og installasjon av glassrørs rotametrar.

Kommunen har også fått råd om fleire større oppgraderingar, men det er ikkje laga ein forpliktande handlingsplan med tidsfrist for gjennomføring av oppgraderingane.

Kommunen meiner oppgradering av anlegget vil bli tidkrevjande og at det er vanskeleg å seie når den vil vere slutført, men at fristar for dei større oppgraderingane vil bli sett i 2023.

Plan for oppgradering av deponigassanlegget

Kommunen har ikkje ein oppdatert plan for oppgradering av deponigassanlegget. Det vart opplyst at siste oppgradering av brønner vart gjort i 2013, etter dette er det berre gjort mindre oppgraderingar. Det same avviket vart også gitt i 2021.



Kommunen fekk i juli 2022 rapport frå kartlegging av deponigassanlegget. Denne vil saman med erfaring frå oppfølging av anlegget etter kortsiktige tiltak bli brukt som grunnlag for å lage plan for oppgradering. Det er opplyst om problem med vatn i brønnar og rør, og dette må vurderast i planen. Det var ikkje laga ein forpliktande handlingsplan med tidsfrist for når plan for oppgradering av deponigassanlegget vil vere ferdig.

Kontroll av diffuse utslepp

Gjennomførte undersøkingar av diffuse utslepp har ikkje hatt ein kvalitet som har vore god nok til at dei kan brukast som grunnlag for å gjennomføre tiltak. Når gassanlegget ikkje er i drift vil ein større del av deponigassen lekke ut som diffuse utslepp frå deponioverflata og via leidningsanlegg for vatn og elektriske kablar. Det same avviket vart også gitt i 2021. Det er opplyst at måling av diffuse utslepp vil bli gjort i løpet av 2022.

Avvik 3

Handtering, utbetring og kontroll av overvatn har manglar

Avvik frå

- Vilkår for etterdrift gitt 27.09.2017, endra 28.08.2020
 - punkt 3.4 Krav til handtering av overvatn
 - punkt 3.6 a) Kontroll med inntrenging av over-/grunnvatn i deponiet
 - punkt 3.5 Utbering og drift av overvass-system
 - punkt 5.4 Kontroll av overvatn

Kommentarar til regelverket

Krav til handtering av overvatn

I vilkår punkt 3.4 er det mellom anna krav om at overvass-systemet skal leie mest mogleg av overvatnet bort frå deponiet.

Vidare er det krav til at berre reint overvatn kan førast til overvass-systemet, Pålamyrsbekken og Fanafjorden. Avløpsvatn inkludert overvatn og sigevatn frå nærings- og industriverksemdar oppå deponiet og frå tilstøytande areal kan ikkje førast via deponiet til sigevass-systemet, men skal leiast utanom deponiet.

I punkt 3.6 a) er det krav til at kommunen på grunnlag av deponiets eigenskapar og dei meteorologiske tilhøva, skal treffe nødvendige tiltak for å ha kontroll med inntrenging av over-/grunnvatn i deponiet

Utbetring og drift av overvass-system

I vilkår punkt 3.5 er det krav om at det skal gjennomførast utbetring, utviding, oppgradering og vedlikehald av overvass-systemet etter ein plan slik at handtering av overvatn er tilstrekkeleg ut frå krava i punkt 3.4 og dagens bruk. Overvass-systemet skal kunne handtere auka vassmengder som følgje av forventa klimaeffekt. Planen skal særskilt omfatte korleis avløpsvatn inkludert overvatn frå næring og industri oppå deponiet og tilstøytande areal skal leiast vekk frå deponiet. Planen skal innehalde tiltak og tidspunkt for gjennomføring. Den skal inngå i internkontrollen og oppdaterast ved behov.

Kontroll av overvatn

I vilkår punkt 5.4 er det sett krav til at overvassleidningar, overvasskummar, overvassgrøfter, bekkeinntak og bekkelukkingar skal kontrollerast minst to gongar per år. Innhald av forureining i



overvatnet, inkludert i Pålamyrbekken, skal overvakast regelmessig oppstrøms og nedstrøms deponiet. Overvakinga skal dokumentere eventuelle lekkasjar av sigevatn til Fanafjorden.

Dersom driftsansvarleg oppdagar at avløpsvatn eller forureina overvatn frå andre verksemdar vert ført til deponiet eller overvass-systemet, skal dei aktuelle verksemdene og Statsforvaltaren varslast skriftleg.

Observasjonar på tilsynet

Handtering av overvatn

Overvass-systemet på deponiet vert tilført sigevatn og annan forureining frå landbruk, industri og private avløpsanlegg. Nær det same avviket vart også gitt i 2021. Kartlegging viser at både nytt og gammalt overvass-system inneheld forureining som vert ført til Fanafjorden.

Kommunen har sidan tilsynet i 2021 kartlagt overvass-straumar, forureiningskjelder og overvassanlegg og har etablert dialog med aktørar som har påslepp av forureining til overvassanlegget. Kartlegginga av forureining viser at vatn i overvass-systemet er påverka av forureining frå industriområdet, private kloakkanlegg og sigevatn. Tiltak for å unngå forureining av overvatnet i både gammalt og nytt overvass-system må inngå i oppdatert plan for oppgradering og vedlikehald av overvass-systemet.

Vestland Fylkeskommune er kontakta og har gjort avbøtande tiltak for å redusere forureining frå lager for hestemøkk. På sikt skal lageret flyttast vekk frå deponiet.

Kommunen har ikkje oversikt over om alt overvann er leia utanom deponiet, særleg gjeld dette for områda D og F, område med tredepot og ein del areal utanfor deponiområdet. Nær det same avviket vart også gitt i 2021. Tilsynet og kart over nedslagsfelt til deponiet viser at overvatn frå industriområdet nord for deponiet vert tilført deponiet. I vassbalanserekneskap er det opplyst at det er stor usikkerheit om kor stort nedslagsfeltet til deponiet er. Dette er nødvendig kunnskap for å vite om det er nødvendig med tiltak for avskjering av overvatn.

Utbetring og drift av overvass-system

Kommunen har ikkje ein oppdatert plan for oppgradering og vedlikehald av overvass-systemet. Det same avviket vart også gitt i 2021. Kommunen har opplyst at overordna plan for oppgradering og vedlikehald av overvass-systemet skal vere ferdig innan 1. mars 2023, og at prosjektering av nye overvass-løysingar skal starte i 2022.

Kommunen har starta arbeidet med ny reguleringsplan for området, og vil i den samanheng også lage ein VA-rammeplan. Dette arbeidet vil vere eit viktig bidrag for å hindre forureining av overvatnet og legge til rette for at overvatn kan handterast i tråd med vilkåra.

Kontroll av overvatn

Overvassleidningar, overvasskummar mv. vert ikkje kontrollert to gongar per år. Det same avviket vart også gitt i 2021. Det er opplyst at fullstendig tilstandskartlegging av overvass-leidningar og kummar skal ver ferdig i 2022.

Kommunen har gjennomført overvaking av overvatnet etter tilsynet i 2021 og presentert resultat i ein rapport. I rapporten er det vist til at det er tatt få prøver av vatnet i det gamle overvass-systemet. Det er opplyst at kartlegginga av forureining i overvass-systemet vil fortsette, men planlagt prøvetaking er ikkje innarbeida i kontroll- og overvakingssystemet. Det er ikkje vurdert kor mykje



sigevatn som lekker til Fanafjorden og kor mykje forureining som vert tilført fjorden saman med overvatnet.

Kommunen har ikkje etablert system for melde frå til verksemdene dersom dei registrerer forureining i overvass-systemet. Det same avviket vart også gitt i 2021. Det er opplyst at rutine for melding om forureining vil vere på plass innan 31. desember 2022.

Avvik 4

Handtering, utbetring og kontroll av sigevatn har manglar

Avvik frå

- Vilkår for etterdrift gitt 27.09.2017, endra 28.08.2020
 - punkt 3.6 Krav til sigevass-oppsamling
 - punkt 3.7 Utbetring og drift av sigevass-oppsamling
 - punkt 3.8 Krav til sigevasshandtering
 - punkt 5.5 Kontroll av sigevatn

Kommentarar til regelverket

Krav til sigevass-oppsamling

I vilkår punkt 3.6 er det mellom anna krav om at det skal gjerast nødvendige tiltak for å

- a) ha kontroll med inntrenging av over-/grunnvatn i deponiet
- b) samle opp forureina overvatn og sigevatn
- c) behandle alt forureina vatn som vert samla opp
- d) hindre utslepp av sigevatn til overvass-systemet, inkludert Pålamyrsbekken og Fanafjorden
- e) hindre at vatn blir ståande i deponiet

Utbetring og drift av sigevass-system

I vilkår punkt 3.7 er det krav om at det skal gjennomførast utbetring, utviding, oppgradering og vedlikehald av sigevass-oppsamlinga etter ein plan slik at den er tilstrekkeleg ut frå krava i punkt 3.6. Planen skal baserast på kontroll av anlegget og innehalde tiltak og tidspunkt for gjennomføring.

Krav til sigevass-handtering

I vilkår punkt 3.8 er det mellom anna krav om at kommunen innan 31. desember 2018 skal vurdere om sigevatnet skal reinsast lokalt.

Kontroll av sigevatn

I vilkår punkt 5.5 er det mellom anna sett krav til at sigevass-leidningar og kummar skal kontrollerast minimum ein gang i året. Sigevass-mengda skal registrerast kontinuerleg. Innhald av forureining skal overvakast ved regelmessig prøvetaking ved påsleppspunkt til kommunalt nett i tråd med kontroll- og overvakingsprogrammet.

Observasjonar på tilsynet

Krav til sigevass-oppsamling

Tiltak for å samle opp forureina sigevatn er mangelfulle, da sigevatn lekker til overvass-systemet og Pålamyrsbekken og av og til går i overløp til Fanafjorden. Det er opplyst at det ikkje var overløp av sigevatn frå pumpestasjonen i Pålamyra til Fanafjorden i 2021.



Utbetring og drift av sigevass-system

Kommunen har ikkje ein oppdatert plan for oppgradering og vedlikehald av sigevass-oppsamlinga. Tiltak på sigevass-anlegget vert i hovudsak gjennomført i samband med terrengheving eller ved behov, og ikkje etter ein plan som er basert på kontroll av tilstanden på anlegget. Det same avviket vart også gitt i 2021. Det er opplyst at overordna plan for oppgradering og vedlikehald av sigevass-systemet vil vere ferdig innan 1. mars 2023.

Krav til sigevass-handtering

Kommunen har ikkje sluttført arbeidet med vurdering av lokal reinsing av sigevatn frå deponiet. I 2018 sendte kommunen inn ein rapport laga av COWI om lokalt reinseanlegg for sigevatn. Kommunen ville utsette å ta endeleg stilling til bygging av eit lokalt reinseanlegg for sigevatn inntil dei hadde skaffa eit sikrere datagrunnlag. Etter ny vurdering i 2022 er konklusjonen framleis at det er for dårleg datagrunnlag. Kommunen har etter dette starta med prøvetaking kvar annan månad og analyserer fleire parametrar. Vi ser alvorleg på at kommunen framleis ikkje har skaffa godt nok datagrunnlag og føreset at alle tiltak for å skaffe dette så snart som mogleg vert vurdert, inkludert ytterlegare intensivering av prøvetaking.

Kontroll av sigevatn

Kommunen kontrollerer ikkje sigevass-leidningar og kummar årleg. Kommunen har ikkje god nok oversikt over korleis sigevatnet blir samla opp og korleis tilstanden er på anlegget, kor det er lekkasje/utslepp av sigevatn og korleis dei skal følgje opp dette, men oversikten er betra sidan tilsynet i 2021, og det er planlagt tiltak for å få oversikt.

Kommunen opplyser at sidan tilsynet i 2021 er sigevass-straumar og aktørar med påslepp kartlagt. Fullstendig tilstandskartlegging av sigevass-leidningar og kummar vil vere ferdig i 2022. Det er etablert måling av overløp frå Pålamyra pumpestasjon til Fanafjorden.

Avvik 5

Overvaking har manglar

Avvik frå

- Vilkår for etterdrift gitt 27.09.2017, endra 28.08.2020
 - punkt 5.1 Kontroll- og overvåkingsprogram

Kommentarar til regelverket

Kontroll- og overvåkingsprogram

I vilkår punkt 5.1 er det krav om kontroll- og overvåkingsprogram for utslepp til luft og vatn, påverknad på miljø og viktige driftsparametre i tråd med punkt 5 i løyvet, avfallsforskrifta kapittel 9, vedlegg III og Miljødirektoratets rettleiar TA 2077/2005. På bakgrunn av resultat frå overvakinga, skal driftsansvarleg utarbeide vassbalanserekneskap for siste kalenderår.

Observasjonar på tilsynet

Kontroll- og overvåkingsprogram

Kontroll- og overvåkingsprogrammet er ikkje oppdatert, omfattar ikkje alle forhold med krav til kontroll og overvaking, og kontrollen er mangelfull. Sjå også omtale av manglande kontroll i avvik 1 til 4. Mellom anna mangla referansebrønn, måling av vass-stand i deponiet, og oppdatert kart over prøvepunkt. Vidare mangla program for kontroll av toppdekke, setningar, diffuse utslepp av deponigass, overvass- og sigevass-leidningar/kummar og grunnvass-stand. Overvakinga har vist at det er lekkasje av sigevatn til Fanafjorden, men kommunen har ikkje overvaka om utsleppet av



sigevatn har konsekvensar på tilstanden i Fanafjorden. Det er laga vassbalanserekneskap, men det er mangelfullt, mellom anna på grunn av dårleg datagrunnlag. Liknande avvik vart også gitt i 2021.

Kommunen har informert om at dei vil lage oppdatert kontroll- og overvåkingsprogram i 2022. Fanafjorden skulle granskast i 2022.

Avvik 6

Internkontrollen har manglar

Avvik frå

- Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6 Risikovurdering og handlingsplan

Kommentarar til regelverket

Risikovurdering

Verksmeda skal kartlegge fare og problem og vurdere risiko. På bakgrunn av dette skal ein utarbeide handlingsplan med tiltak for å redusere risikoen med ansvarleg og frist gjennomføring.

Risikovurdering og handlingsplan skal dokumenterast skriftleg.

Observasjonar på tilsynet

Risikovurdering

Miljøriskovurderinga av etterdrift av deponiet er ikkje oppdatert sidan 2010/2011.

Risikovurderinga omfattar ikkje vurdering av alle område/tema der det av omsyn til deponidrifta er behov for samordning av internkontrollen for ytre miljø mellom verksemdene på industriområdet i Rådalen. Risikovurderinga omfattar mellom anna ikkje vurdering av behov for samordning av handtering overvatn og brannslukkevatn. Verksemdene har etablert felles rutine for lukt og samordning av drift, trafikk, vedlikehald, beredskap og brann. Det same avviket vart gitt i 2021.

Kommunen opplyste at miljørisikovurdering vil vere ferdig innan 30. juni 2023.

8. Merknader

Vi gav ingen merknader under inspeksjonen:

9. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Forureiningslova
- Forureiningsforskrifta
- Avfallsforskrifta
- Internkontrollforskrifta
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Statsforvaltaren



10. Andre forhold

Oppfølging av merknadene etter tilsyn i 2021

Kommunen opplyser at dei prioriterer arbeidet med retting av avika. Dei har etter tilsynet i 2021 styrka organisasjonen med ny kompetanse og fleire ressursar/personar, og gjort tiltak for å betre intern og ekstern koordinering med andre aktørar. Dei har også skaffe betre oversikt over forholda på og rundt deponiet, og er i gong med planlegging og tiltak.

Forhold som omtalt i rapport frå 2021 men ikkje er omtalt i denne rapporten.

Deler av nokre avvik frå 2021 er retta, og desse forholda er ikkje omtalt på nytt. Desse tiltaka vert tatt til orientering og vil bli følgt opp ved nest